

# PLANLEGGINGSMØTE HERAND 2020

HERAND KULTURHUS 21.01.20 kl. 19.00 – 21.10

Til stades:

- Herand bygdelag Kaia Gulbrandsen, Angunn H. Trå, Marta Samland, Sigmund Eiken, Thorleif Gjernes
- Herand Idrettslag Margreta S. Eiken
- Herand bedehus Ingrid S. Håvik, Arjen Stolk
- Herand Musikklag Margreta S. Eiken,
- Herand Grannahus Jonny Garnes, Kjellaug H. Samland
- Herand Danselag: Olav Haavik
- Luren 4H IB Grøtt
- Kramsjø Stig Otto Mjelde
- Vassel Gard Aud Berit Garnes
- Andre: Hanne Hesthamar

Meldt at dei ikkje stiller: Herand Kvinne og Familielag og Jondal Frivilligsentral.

## Sak 1: Runde rundt bordet:

Angunn opna møtet. Fyrst vart det teke ein runde rundt bordet der alle lag/bedrifter kunne komme med innspel om sitt arbeid og sine planar for 2020:

**Grannahuset:** Kafé med quiz 22.02. Påskebingo 09.04. Kakelotteri 30.05. Årsmøte 26.02 kl. 20.00.

**Bedehus:** Årsmøte 16.02. Gudsteneste i juni. Laurdagsgraut, datoar vert annonsert. Konserttrekke – «Tonar av tungar», fyrste 09.02. Kanskje suppekafé, litt usikker på om dei har kapasitet. Prøver å få til ein basar palmelaurdag, dette kjem dei tilbake til etter kvart.

**Herand Idrettslag:** Herand Rundt 01.06. Ynskjer å lage til ein skidag i skiløypa om snøen kjem...

**Herand Musikklag:** Sommarkonsert i Mælet i månadsskiftet mai/juni. Kakelotteri/konsert på butikken 08.04.

**Luren 4H:** 4H dag 09.05. Haustfest 25.10. Fjelltur 26.09. Dette er dei arrangementa der dei inviterer med alle som vil. Ut over desse har klubben eigen årsplan.

**Vassel Gard:** Quiz i eldhuset 11.04. Juleaktiviteter/julemiddag 29.11.

**Herand Danselag:** Sommardans kulturhuset 24.05. Dansekveld i Grannahuset 2 sundagar i månaden, sjå eige program. 3. juledag; fest på Herand kulturhus.

**Kramsjø/Meieriet:** «Bettan» skal ha sommarkonsert i hagen på Kramsjø, ca. 150 plasser, dato kjem etter kvart. Stig Otto reiser til USA/Canada med Fonna for å promotere Fonna/området. Fonna viktig for distriktet! Opning av Meieriet før 17. mai, mogleg utvide til frukost for andre enn eigne gjestar. Utvide opningstid til 15-22. Søknad hos kommunen om en større samdrift mellom Meieriet og kiosken.

*Herand Bygdelaag*: Årsmøte 22.03. Bygdedugnad 25.04. Basar 29.12.

## **Sak 2: Felles utviklingsprosjekt:**

Herand fekk ikkje innvilga Liv og Lyst søknaden til fylket. Kva kan ein likevel ta fatt på av felles utviklingsprosjekt i bygda? Område som har vore oppe i diskusjonen tidlegare er uteområde rundt kulturhus, båthamn/badeplass og parkering i «sentrum».

Idrettslaget er interessert i å samarbeide med bygdelaaget om eit aktivitets/trenings/leikeområde ved Kulturhuset. Lage plan og søkje midlar.

Hamn/badeplass: Jondal kommune kjøpte eit område ved Meieriet og badeplassen før kommunesamanslåing. Bygdelaaget må gje eit innspel til Ullensvang kommune om stell og vedlikehald av badeplass. Denne må stellast på lik linje med andre kommunalt stelte områder.

Sentrum: Det er mange stygge passeringar av bilar ved Meieriet om sommaren. Fartsdumpar og skilting bør på plass rundt Meieriet. Er det mogleg med «sesongdumper» om sommaren? Bygdelaaget og Kramsjø tar ein dialog på korleis saka bør gripast fatt.

## **Sak 3: Felles bygdefestar – jonsok, julefest, 17. mai:**

Juletrefest 2. juledag: går på rundgang mellom 3 rodar. Barnetalet i rodene varierer. Blitt mindre og mindre gjester på festen. Er det ein anna dag som passer betre? Dagen fin for dei som er heima til jul. Møtet ynskjer at julefesten fortset på same dag og med same organisering. Kanskje ein kan endre program/invitasjon litt sånn at fleire kjem, også dei utan små born.

Jonsok: Lite folk sist år. Litt diskusjon om kor feiringa skal haldast – Båthamn eller kulturhuset? Feiringa bør være i båthamn/badeplass. Forslag om at bålet skal lages på ei flåte og brennast ute på vika. Kan laga i bygda dele jonsokarrangementet? Møtet ynskjer at vi går for ein litt større jonsokfeiring til sommaren og legg feiringa til laurdag etter jonsok – laurdag 27.06. Brurefølge, leikar, bål på flåte, dans og musikk.

Forslag: Jonsok skal være eit familiearrangement for alle. Bygdelaaget koordinerer. Feiringa deles mellom laga. Luren 4H – bål. Danselag – dans/musikk, Idrettslag leiker for born. Det må setjast opp grillar sånn at folk kan ta med grillmat. Meieriet ope om kvelden.

## **Sak 4: Bruk av lagshus – Herand kulturhus, Grannahuset, bedehuset:**

Kulturhuset: alle som nyttar huset til aktivitet, skal gjere reint etter seg. Dette har kome seg etter skilting ved inngongar til gymsal. Bygdelaaget kostar ein vask av heile huset pr måned. Ansvarleg for utleige er Sigmund Eiken. Huset skal ikkje brukast utan avtale.

**Sak 5: Andre arrangørar og arrangement:**

Handverksmessa: Angunn (i Kristine Drake sitt frávær): Informerte litt om handverksmessa 19.-21. juni. Messa vil dette året skje rundt om i heile Jondal. All mat på Jonsvoll. Det vert noko reduksjon i dugnadsbehov (ca. 25%) grunna stengt skuleområde. Noko mindre underhaldning. Overnattingskapasitet eit problem, det er midt i «skisesongen». Vaktlister er på veg. Følg med på [www.handverksmessa.com](http://www.handverksmessa.com)

**Sak 6: Informasjonskanalar/marknadsføring – FB, Herand.no, bygdebladet:**

Laga må melde inn endringar i styrer etter årsmøte og anna viktig info/arrangement til Herand.no. Gunnar Dalseth administrerer sida. Bør Herand på FB være ein open side? Hanne opnar sidan som administrator.

Hanne har laga ein enkel perm med info om bygda. Alle tilbydarar av aktivitetar/overnatting/servering må sjølv vere ansvarleg for å setje sitt tilbod i permen og oppdaterer desse ved behov. Det bør ligge ein perm på butikken, i Meieriet og i kiosken og ev andre stader turistar stopper opp som Kulturhistorisk Senter. Må være på min. norsk og engelsk.

**Sak 7: Andre saker:**

Felles utfordring: det må lagast fleire basarårar til Musikklaget sine årar på kulturhuset. Trengs to 1000 tal til (200 årar). Kan vi spørje «Mannabenken» om de kan stå for laging om Bygdelaget tek kostnaden? Olav Haavik spør karene på «Mannabenken».

Referent

Kaia Gulbrandsen